

Referat frå elevrådsmøte 12.05.2026

Desse møtte: Joris og Frida frå 2.årssteg, Mathias, Tuva frå 3. årssteg, Lotte, Tyr Viljar frå 4.årssteg, Maylinn, Malin frå 5.årssteg, Matas, Anders frå 6.årssteg, Liam frå 7.årssteg, rektor Linda.

Leiar og referent: Linda Selheim

Saker:

- Gjennomgang av referat frå førre møte
- Elevane kan kome med innspel til neste skuleår: Kva er det som skjer på skulen som er bra og som dei vil vi skal fortsetje med? Kva bør vi endre på, og kvifor?

Referat blei gjennomgått. Dei fleste årsstega hadde gjennomgått referat i klassane.

Innspel til neste skuleår

Det var berre 4. og 7. årssteg som hadde hatt møte og førebudd seg til elevrådsmøte. Dei andre årsstega hadde gløymt å ha drøfting i klassane, slik at elevane frå dei andre årsstega har ikkje fått kome med innspel.

Elevane melder om at engelskveke er veldig gøy og lærerikt. Dei ynskjer at skulen fortset med dette! Det er også ynskje om ei matteveke i tillegg. Elles etterlyser elevane fleire cup-ar; fotballcup, handballcup. Rektor melder om at det er utfordrande å få lærarar til å organisere dette, men at vi skal sjå på det igjen til neste skuleår.

Elevrådet ynskjer at det blir hengt opp klassebilete av 7.årssteg når dei er ferdige med barneskulen. Rektor skal undersøke med FAU om dei ynskjer ekstra fotografering kvar vår av avgangsklassane.

Elevane ynskjer at lærarane kan la dei få ha på hette, lue eller caps når dei er inne. Dei ynskjer i det minste at dei blir spurt på ein respektfull måte om å ta dei av.

Neste elevrådsmøte er 9.juni, og det blir då avslutning med kake. Ingen saker å førebu til dette møtet og det blir ikkje skrive referat.